

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 07.05.2019
SAKSHANDSAMAR: Ivar Eriksen
SAKA GJELD: **Sal av eiegenomen gnr. 58 bnr. 17 i Flora kommune**
ARKIVSAK: 2019/6767
STYRESAK: 057/19

STYREMØTE: 23.05.2019

.....

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret i Helse Vest RHF gir sin tilslutning til sal av eiegenomen Lykkjebøvegen 250, gnr. 58 bnr. 17, i Flora kommune.
2. Styret føreset at eiegenomen blir lagt ut for sal på den opne marknaden.
3. Det blir gjennomført føretaksmøte i Helse Førde HF for formelt å vedta sal, jf. lov om helseføretak § 31.

Oppsummering

Saka gjeld sal av eigedom eig av Helse Førde HF.

Administrerande direktør tilrår at styret i Helse Vest RHF gir sin tilslutning til sal i samsvar med vedtak gjort av styret i Helse Førde HF.

Fakta

Lykkjebøvegen 250, også kalla Solhytta, er ei hytte som ligg i Flora kommune. Hytta er ein del av velferdstilbodet for tilsette i Helse Førde. Den blei i si tid gitt i gåve til sjukepleiarane ved Florø sjukehus. Hytta blei bygd i 1937, påbygd på 80-talet og modernisert i 1998. Per i dag er hytta på 82 kvadratmeter med 3 soverom og har tilkomst til døra via kommunal veg og eigen parkeringsplass. Tilhøyrande tomteareal er 3856 m².

Solhytta er ein eldre bygning som vil krevje mykje vedlikehald i åra framover for å unngå forfall. Føretaket sitt arbeidsmiljøutval (FAMU) har ved fleire høve hatt Solhytta på agendaen då dei ser at velferdsmidlane ikkje strekk til for å vedlikehalde hytta, og bruken av hytta blant dei tilsette er redusert. FAMU meiner også at forventningane til korleis eit slikt velferdstilbod skal vere har endra seg dei siste åra og vil endre seg vidare i tråd med utviklinga i samfunnet. I tillegg til dei store vedlikehaldsutfordringane, vil det truleg vere behov for vesentlege oppgraderingar for at hytta skal kunne fungere tilfredsstillande som velferdshytte for dei tilsette i Helse Førde framover. FAMU har med bakgrunn i dette tilrådd å selje hytta.

I 2017 blei det teke takst for eigedomen. Marknadsverdien ble sett til kr. 850.000,-. Teknisk verdi blei sett til kr. 1.150.000,-.

Kommentarar

Etter helseføretakslova § 31 skal sal av fast eigedom avgjerast av føretaksmøtet i det einskilde helseføretaket, etter forslag frå styret. For sal av eigedomar med verdi mindre enn 10 millionar kroner er det ikkje naudsynt å leggja saka fram for departementet.

Eigedomen har verdi under 10 millionar. Det er opplyst at føretaket ønskjer å selje eigedomen til marknadspris gjennom vanleg annonsering og buk av eigedomsmeklar i løpet av sommaren 2019. Ved eit sal er det lagt til grunn at overskotet frå salet skal disponerast av FAMU, og ei arbeidsgruppe vil bli sett ned for å sjå korleis midlane frå salet av hytta skal nyttast.

Styret i Helse Førde HF behandla saka i styremøte 29. april 2019, sak 033/19. Det blei gjort følgjande vedtak i saka:

1. *Styret i Helse Førde vedtar å selje Solhytta, gnr. 58/bnr. 17 i Flora kommune, med adresse Lykkjebøvegen 250, 6940 Eikefjord.*
2. *Saka vert oversend Helse Vest for vidare handsaming.*

Konklusjon

Administrerende direktør tilrår at styret i Helse Vest RHF gir sin tilslutning til sal av eideomen. Ein legg til grunn at eideomen blir lagt ut for sal på den opne marknaden.